



Ishavskveld
på Kølbuda
SIDE 14 OG 15



Digihjelpa er blitt
Seniornett
SIDE 2 OG 3

ELEKTROINSTALLASJONER
bolig – næring – skip



Tlf: 70 19 87 40

firmapost@zenithelektro.no

Sulaposten

LAUSSAL KR 35,00

GRUNNLAGD 1946

TORS DAG 2. MARS 2023 - NR 9

MINDRE GRÅT

Dei opnar for
å gi barna
tre månader
i staden for
tre dagar på å
venne seg til å
gå i barnehage.
Langevåg
barnehage
opplever ein
rolegare start
for dei små,
og takknemlege
foreldre.

Side 8 og 9



Meir tid til tilvenning

Turbusser
Minibusser
14–59 seter

KONTAKT
Tlf 70 19 88 50
Mobil 926 94 569

sularutelag.no



Sula Rutelag
- Vi kjører deg dit du vil, når du vil!



TIPS SULAPOSTEN
om arrangement og
hendingar – direkteline:
70 19 86 50, epost:
redaksjon@sulaposten.no

POSTADRESSE
SULAPOSTEN, O.A.DEVOLD-
VEGEN 16, 6030 LANGEVÅG

VEKAS LESARBILDE

Vakkert ved Svartevatnet
Foto: Øyvind Kåre Sunde



Sulatorget



TORS DAG 2. MARS 2023 - NR 9



– Det er berre å gjere det slik, seier Gunnar Marøy, og viser Marit Veddegjerde korleis ho går fram på mobilen. Steinar Hide (i midten) følgjer ivrig med.

Utviklingstilskot til Rønneberg



Kommandør Frank, filmen som vår lokale filmskapar Ole-Andrè Rønneberg er i støypeskeia med, har i årets første utdelingsrunde fått 50.000 i utviklingsstøtte frå

Vestnorsk Filmsenter. Filmen handlar om å ta dei første små stega ut i livet i vaksen alser. Filmkonsulent Hanne-Lovise Skartveit har uttala at «Kommandør Frank er en dramakomedie om annerledeshet som utspiller seg i et sært, sjarmerende og visuelt interessant univers på en liten øy i Møre og Romsdal.

Filmskaperen er et nytt talent som har vist stor gjennomføringsevne i utviklingsfasen og vilje til å nå ut internasjonalt med prosjektet.»

Bilen tok fyr

På ferja «Hadarøy» byrja ein bil å brenne medan bilane var i ferd med å køyre om bord på Hareid ferjekai, skriv Sunnmørsposten. Dette skjedde

rett før klokka 8.00 fredag 24. februar på strekninga Hareid-Sulesund.

Bilføraren som køyrde bak den brennande bilen såg røyk og flammor og fekk utløyst brannalarmen. Han og ein annan fekk tak i eit brannslukkingsapparat og tok straks til å slokke brannen. Ferja vart innstilt ein kort periode for å byte mannskap,

rydde opp og for å få på plass nytt brannslukkingsutstyr. Føraren av den brennande bilen kom seg uskadd ut og er svært takksam for at dei andre bilistane reagerte så raskt, skriv avisa.

Hadde det vore trong for det, kunne ferjemannskapet ha skumlagt heile ferja, opplyser skipper Fridtjov Vorren, som kom på vakt klokka 9.00.

”

...det finst inga øvre aldersgrense for å vere ung..

FRODE GRYTEN



HAR DU GODE HISTORIER?

Om folk og dyr, om slumpetreff og samantreff på øya vår. Kanskje ei underfundig handling eller rar betraktning? Eller ein sulavits?

KONTAKT REDAKTØREN

på tlf. 70 19 86 50
eller e-post: odd@sulaposten.no

Det glade hjørnet

GLIPP

Rockeren reiv opp døra til tatoveringsjappa og brølte:
– Eg sa Turboneger, din idiot, ikkje Torbjørn Egner!

Seniorar viser seniorar veg i datajungelen

Dei var bokstaveleg tala mannsterke, dei fem karane som stilte som frivillige hjelparar på datakafèen nyleg.

– Eg synes det er eit fantastisk tilbod, seier Marit Veddegjerde, som puslar med mobilen sin og er godt fornøgd med å ha lært seg korleis ein QR-kode virkar.

Med denne kan ein med mobilen skanne eit søkefelt på papir og så kome rett inn på ei bestemt nettside.

LAGE FOTOBOK. Leif Inge Johannesen har også tatt turen til biblioteket denne dagen, med ei fotobok under armen. Han har ønske om å lære seg nokre triks for å lage fotobok.

– Eg kjem nok igjen på neste datakafè også, seier han.

Vi er på Sula bibliotek i Langevåg, og Digihjelpa, som det heitte før, er no blitt ein del av Seniornett i Noreg. Gunnar Marøy og Steinar Hide er framleis med for å dra data-

lasset, og har fått med seg også Oddny Bergseth, Harald Eikrem, Roger Hareide, Bjørn Olsnes og Eldar Skeide.

HEILE LANDET. Digihjelpa var eit kommunalt hjelpetilbod for folk som treng å oppdatere seg i bruk av data og internett. Seniornett, som dei no kallar seg, tilbyr datahjelp ein gong i månaden på biblioteket. Seniornett er ein landsomspennande organisasjon som vert finansiert dels via statlege midlar, prosjektmidlar, medlemspengar og eit nettverk av frivillige som stiller opp gratis.

– Er det nokon av dokke som har bruk for litt ekstra hjelp, så ta gjerne kontakt med meg på telefon, så kan vi sette av tid til dette neste gong, seier Marøy.

Bjørn Olsnes fortel at dei har planar om å undervise dei frammøtte i å lage presentasjonar i programma Excel og Powerpoint, lage fotobok, vise korleis mappene er oppbygt i ein pc/mac, vise korleis ein kan lage nettsider og korleis ein brukar eit nettbrett osv..

ØNSKE. – Vi spurte dei som kom her i dag kva dei kunne tenke seg å lære meir om, og vil prøve å imøtekomme ønska deira, fortel Olsnes, som også oppfordra dei frammøtte til å melde seg inn som medlemmer i dette seniornettverket.

HEIDI EIKREMSVIK
heidi@sulaposten.no



Scala Brio i godt selskap

5. mars inviterer koret Scala Brio ikkje mindre enn to andre kor til korkafè på Lil-tun., fortel dei i ei pressemelding. Dette er Mannskoret Dovre og vokalgruppa Frisk Bris, begge med base i Ålesund. I tillegg vil Jan Gunnar Åkre framføre pianomusikk.

– Mest av alt håpar vi at mange barn og vaksne kjem på korkafèen, slik at LIL-tun blir fullt av folk, korsong og god stemning, seier Gro Dalen.

Ho er ikkje berre dirigent for Scala Brio – men også syngjande dirigent for Frisk Bris.



Gamle godlåtar på Allheim

Dei slår verkeleg på stortromma, gjengen på Allheim. Laurdag 18. mars samlar dei ikkje mindre enn tre trommisar – og dei slagferdige har med seg resten av bandet sitt også! Med både Shakers, Broken Silence og Rubber Soul (bildet) på scena skal det bli "Dans uten stans",

ein kveld for både danseglade, musikkinteresserte – og dei som vil ha seg ein tur og vere litt sosiale. – Vi håper at dette kan bli ein tradisjon, seier Ronny Blomvik, som gler seg til å ønskje folk velkommen inn til gamle godlåtar i nyoppussa klubbhbus.

Ny fartskontroll

Klokka 11.00 på formiddag 24. februar hadde utrykkingspolitiet ny fartskontroll på Fiskarstrand i 50-sona. Ein bilfører fekk bot for å ha køyrt i 62 km/t. Etter dei nye bøtesatsane vil dette seie 4.150 kroner. Fjorten dagar før; 3. februar, vart det skrive ut 16 fartsbøter der i løpet av to timar i 50-sona.

Godt besøkt naturmøteplass

"God stemning rundt bålpanna på Naturplassen i Kaffivika i dag", skriv Nina Berit Fylling, som også har tatt dette bildet. Ho kunne fortelje at om lag 50 turgåarar var innom Naturmøteplassen denne veka, for ein kaffi og ein god prat.

